



Teknisk forvaltning
Tonje Nepstad Epland

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1401 - 16/11026

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
01.09.2016

Byggesak gbnr 19/3 Risnes - uttale frå kultur

Underteikna var saman med Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring på våningshuset på gnr 19/3 29. august. I følgje sefrak-registreringa skal søre stova vera frå 1700-talet og visstnok ha vore nytta til lensmannsarrest på Bø. Stova skal i følgje sefrak ha vorte flytta til Risnes i siste kvartal på 1800-talet og bygd på med ei stove til i nord og kjøkken. Seinare har huset vorte bygd på fleire gonger.

Tilstanden til huset i dag er dårleg. Det har vore vasslekkasje på tilbygget på baksida og dette har falle saman. Under synfaringa vart kledninga både på søre og nordre stova fjerna slik at ein kunne sjå inn på tømmerveggane. Desse tyder på at stova ikkje er så gamal som det går fram av sefrak-registreringa, og heller ikkje eldre enn 1850. Det er meir sannsynleg at tømmeret også i søre delen av huset er siste kvartal på 1800-talet.

På bakgrunn av dette og ut frå tilstanden til huset, har kulturminneansvarleg ingen merknader til at huset vert rive. Saka treng ikkje sendast til Fylkeskonservatoren Hordaland i Hordaland til uttale då bygget vert vurdert til å vera frå etter 1850.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Teknisk forvaltning